

Forskrift om område for obligatorisk opplæring i bruk av beltemotorsykkel (snøskuter) ved Robjørgane i Stryn kommune, Vestland fylke

Heimel: Fastsett av Statsforvaltaren i Vestland 17. januar 2025 med heimel i lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4a og forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag § 3 første ledd bokstav h.

§ 1. Virkeområde

Denne forskriften fastset område i Vestland fylke for obligatorisk opplæring i førarkort klasse S, for bruk av beltemotorsykkel (snøskuter).

Den obligatoriske opplæringa i førarkort klasse S skal skje i samsvar med kapittel 14 i forskrift 1. oktober 2004 nr. 1339 om trafikkopplæring og førarprøve m.m. Førarkort i klasse S er definert i § 3-17 i forskrift 19. januar 2004 nr. 298 om førarkort m.m.

§ 2. Område for obligatorisk opplæring

Eit område ved Robjørgane i Stryn kommune er sett av til opplæring i førarkort klasse S for trinn 2, 3 og 4 i bruk av beltemotorsykkel (snøskuter).

Avgrensing av øvingsområdet går fram av vedlagde kart. Området er på om lag 1200 dekar. Vedlagde kart er ein del av denne forskriften.

§ 3. Avgrensing som gjeld for området for øvingskøyring

Området kan nyttast til øvingskøyring etter reglane for opplæring til førarkort klasse S under kontroll av godkjent opplæringsinstitusjon. Opplæringa kan skje i tidsperioden 2. januar til 30. mars, med unntak for perioden frå fredag før palmehelg til og med 2. påskedag. Området kan nyttast alle verkedagar i gyldig periode. Helgebruk er tillate utanom eventuelle helger som grunneigarane før sesongen har bestemt skal vere utan køyring. Øvingskøyring kan berre skje når snødekke i området er tilstrekkeleg til at køyringa ikkje fører til skader i terrenget.

§ 4. Forbod

Praktisk opplæring i førarkort klasse S for bruk av beltemotorsykkel (snøskuter) i utmark er forbode i Vestland fylke utanfor det avsette området ved Robjørgane i Stryn kommune og i Holbygda i Voss herad.

Forbodet gjeld ikkje i område avsett til spesialområde for motorsport, motocross o.l. i reguleringsplan, og der dei utfyllande føresegnene til planen opnar for køyring med beltemotorsykkel (snøskuter) i Vestland. For slike område kan øvingskøyring i trinn 2 og delar av trinn 3 gjennomførast.

§ 5. Iverksetjing

Denne forskriften trer i kraft straks.

Kartvedlegg